

Ny leiar i Uskedal Båtlag.

25.03.2015



Den nye flytebryggja med den nye formannen Hans Gustav Mussland innfeldt

Hans Gustav Mussland vart vald til ny leiar i Uskedal Båtlag på årsmøtet i Gamleskulen tirsdag kveld. Han tar over etter Trond Lekva Myklebust som har lagt ned ein stor jobb i vervet gjennom fleire år. Trond held fram i styret der han no skal vera kasserar.

Ved valget vart Jostein Hauso vald inn som nytt styremedlem, medan Gunnar Leite og Jan Henrik Hansen held fram i sine verv. Espen Eik og Johan Sunde gjekk ut av styret. Johan vert no varamann saman med Johannes Hjønnevåg.

Elles fortel årsmeldinga om eit aktivt år der det vart gjort ei stor investering og ei stor standarheving då den gamle flytebrygga innanfor moloen vart skifta ut. Her gjenstår litt arbeid med å kopla til vatn og merka plassene. I tillegg har det vorte gjort dreneringsarbeid på plenen. Der er det også støypt plate i tillegg til at det er kjøpt inn partyelt som skal plasserast på plata. Dette er gjort for å gjera hamna meir attraktiv for båtturistar.

Stormen Nina med sine øydeleggingar gjorde skade på båtar og bryggjer. Den skada også taket på nokre boder, og Uskedal Trelastlager er i gang med å reparera dei.

Båthamnene i Uskedalen er populære blant båtturistar, og det vart registrert 810 gjestedøger i båtlaget si hamn i 2014.

Årsmøtet vart avvikla ryddig og greitt, styret fekk ros for god innsats.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland